

# I

Eg fekk spurnad frå ungdomslaget om eg kunde halde eit kåseri på juletrefesten, og det lova eg so halvveges. Fyrst etterpå vart eg klar over at eg var i tvil om kva eit kåseri var. Eg har høyrt desse kåseria i radioen om laurdagskveldane stundom, men kva var det dei sa, kva slag innhald skulde det vere i eit kåseri? Eg måtte då slå opp i ei framcordbok. Der stod: Kåseri, fransk esentlig samtale, lett og leikende, helst sprituell behandling av et emne. Eg måtte på nytt slå opp for å få greide på kva spirituell behandling var for noko. Jau der stod det for spirituell: intelligent åndfull. Eg såg so etter kva intelligent var for noko. Der stod forstand, begavelse.

Det er også ikke so raet lite det vert kravt av ein kåsør. Han skal føre ein lett og leikande tale om eit emne, vere åndfull å ha både forstand og begavelse. Eg har no aldi oppdaga slike eigenskapar av dei som snakkar i radio, og då kan de ikke vente det av meg heller.

Det er sagt om oss gamle at me vil helst snakke om det som hende då me var ungar. Me går i barndomen seier dei. Og det er rett. Av alle inntrykk eit menneskje får står det klårast som er det fyrste. Barnesjela tek imot alt nytt og gøymer det og lagrar filmane heile livet. Ja eg kalla det filmar, for rett som det er står dei framfyre oss i klårt ljos desse hendingane for 50-60 år sidan. Me ser for oss folk som lenge sidan er borte, hus som lenge sidan er nedrivne, og reidsskap som lenge sidan er blitt umoderne.

Eg skal difor freiste gje Dykk eir glytt frå livet i bygdene for ca 8-10 år sidan. ~~alle som del tok opp~~  
~~før inn 9-10-års gril.~~

## Melom boerne gengjeldt i Sydafrika

Eg var 9 år då boerkriegen tok til i 1898. Eg hugsar at eg fylgte godt med i avisene om krigens gang. Her var krigshistorie fortalt, og det var mykje forvitneleg. Lite ante eg då at heile livet skulde verte ei uendeleg stor krigshistorie, større enn nøyon før hadde opplivt. Far min heldt eit dagblad, Verdens Gang, og om det kom med ei tre fire nummer kvar post, slukte eg alt som stod om Boarkriegen. Sjølsagt ynskte eg at boarne skulde vinne, for dei var minst. Åkor godt eg hugsar namna på geberalane deira som Joubert, Cronje, som vart fanga og send til st. Helens som ein annan Napoleon, De Wet, <sup>namn på</sup> ~~slag~~ <sup>slader</sup> og Botha, og bygninga ~~slag~~ <sup>stader</sup> minnest eg godt endå sjøl om eg aldri har fått bruk for desse namna seinare, Kimberley, Mafeking, Blomfontein, Ladysmith, Tugela. Lite ante eg at i deb kriegen, - på engelsmennene si side deltok ein ung mann som vart fanga av boarne og rørde or fangenskapet, som 40 år seinare skulde verte ein av dei som berga fridomen vår og mange andre sin fridom, Churchill.

Men boarkriegen var berre som eit pust frå den store verda, som syntes mykje større då enn i våre dagar. Vi verd var ikkje større enn me kunde sjå frå garden - ho rakk frå Bekken og i Nåren.

— På den tida levde det i Hardanger ein mann som heitte Urheim. han var det ein kalla bøndediktar, skreiv dikt om all slag bondearbeid, og var rekna for å vere ein stor diktar i Hardanger. av dikt hans er vel nesteparten bortkome, og resten er lite åtgått. Men han har skrive eit dikt som tek til soleis:

Me bønder ljota bala  
te turka og te mala  
er vår velsigna lodd.

Eg veit ikkje noko ord som kan karakterisere den tida eg vaks opp betre en desseorda. Turking og maling var ein viktig, ja kanske det viktigaste folk hadde for seg då.

Dei ungane som veks opp no veit vel lite om korleis eit havre eller byggstrå ser ut. Den tig skulde dei på ein velberga gard cyrke nok korn til folket når det var vanlege åringar. Ja eg hugser godt korleis me ungane gjekk ikring på åkeren når dei skar kornet. Det var altid havre dei cyrka, iblanda med eit og anna strået med bygg. Me ungane tykt det var moro med å lage piste sor me kalla det, l'tepype sa dei endre stader. Me fekk dei vaksne til å syne osskorleis dei laga i slik piste av strå. Somme var slike at når me bles i eine enden let det, andre måtte du stikke heile låtepipa i munnen og blåse so let det inne i munnen. Me var med og hjelpte til når dei skulde føre kornet, ha det på staur, me bar kornbands til rettes. Me var med når dei tok inn kornet og la det opp i kornbrotet, og so kom den store dagen då dei skulde treskje det. Dei vart me ungane jaga opp på staurlemen, me kleiv opp etter nokre nabbar som dei hadde sett inn i ei opplengje, og skulde heise opp halmen etter kvart som dei treskte, til <sup>me</sup> ~~dei~~ hadde fått staurlemen so stappa at det var med nauda det var rom åt oss å sitje. Treskjinga som oftast tok meir enn ein dag, var ei storhending.

So var me med når dei dryfste kornet, som regel var det ein av ungane som skulde plukke su dei blåmstubbane og anna rusk som ikkje dryftemaskina ~~tyh~~

So var det interessant å sjå på dei turka kornet på turke-hella, det finst vel slike endå vil eg tru, og etterpå ~~skulde~~ <sup>dei</sup> hadde dryfste det på nytt i eit dryftetrog. Det var utruleg kor mykje støv og rusk det var att i det når det var kome so langt. Ja det var no ofte det var so som so med reinsemda. Dei fortel om ein bonde på Torvund at han hadde vore so uheleig at han hadde fått geitene inn i kornet på låven. Ja det var vel ikkje so mykje dei åt opp verre var det med det som dei let etter seg. Då han stod og turka var han på nytt uheleig, naboen hans som var ein stor skjemtegauk, kom inn og vilde slå av ein prat. Han fylgde meir og meir interssert med når

# TV

bonden prøvde å fjerne desse fremmedlegema i kornet so umerkande som mogeleg, til slutt kunde han ikkje halde seg, han peikte på ei av perlene i kornet og sa: De giver mel de karle.

Men det største underet var kverna. Me kunde ikkje bli lei av å stå attmed kvernsteinen og høyre på duren og synet sjå på at kornet vart til mjøl. Ei greide som styrde seg sjøl i den grad var noko mystisk og overnaturleg. Ja kverna var vel det fyrste forsøk på automatisering so vårt samfund fekk. Automatisering dette ordet som er so skrämafide for lønsarbeudarane. Eg undrast på om dei kvi nene som drog handkverna, Inga litimor og hennar jamlkar- bar seg då vass-kverna var oppfunna over at dei vart nok arbeidslause no.

Når me skulle nokon stad møtte re i båt. til skule til kyrkje til handelsmann til posten. Me vart difor tidleg opplærde til å ro, og sigle. Då eg var 11 år i 1900 hugsar eg at eg og ein annan gut som var litt yngre enn meg, skysste to karar frå Mæssneset til Åkre, ein avstand på ca 1 mil. Det torde dei sleppe oss til då. Det var stortingsval set året, og oppteljinga både for Lævik, Brekke og kyrkje bø gjekk fyre seg i kyrkja i Lævik. Det var soknepresten og medhjelpare som styrde oppteljinga saman med menn frå heradstyret. Det var med 2 menn frå Fuglsetfjorden, den eine heitte Hans Sørebø, og den andre heitte Gullak Jensen han budde i Bjordal. for at dei skulle kome heim sitt fylgee dei far min frå Lævik til Mæssnes, og skulle ha skyss vidare. Eg hugsar godt at desse to karane sat op prata politikk heile vegen. Gullak Jensen var venstreman og Hans Sørebø høgremann. Dei tok på seg å ro til Åkre, men det var lange stunder dei helst opp å ro til vår store forargelse, me vilde kome snøgt heim att. Ein av dei setningane eg fekk høyre här eg gøynt i minnet for eg tykte det var so flott sagt. Det var Hans Sørebø som snakka om direkte skatten til Staten som nett då var innførð. Det var sagt helet han fram at me skulle ikkje få nokon direkte skatt til staten, men no fanst det folk inden vår midte som laut betale. Det var serleg det uttrykket inden vår midte eg tykte var so flott.

✓

Dampbåtane sjekk nok rykande inn etter fjorden då som no. Men motorbåtar fanst det ikkje . derimot var det ei mengd jakter. Bestefar min hadde bygt i alt 4 jakter, og selt 3 av dei. Den 4de Massnes kalla dei henne gjorde sine turar til Bergen med ved, og heim att med salt kverk. spissa bygg, spikesile jern. for å nemne nokre av dei varene som det vart handla med. Eg trur Knapt det vart bygt noko jakt i Sogn, etter året 1900. Avejohansen hadde som hadde bygt alle sognejaktene, hadde slege seg på båtbygging, når han ikkje var på erparsingssarbeid på jaktene. For no kom den tida då dei slulde ølast. Og i 1898 skulde Massnesa på land og ølast. Førstalet hugsar eg for det var sare året som boark igen gjekk.

Då fekk eg vere med på ein jaktedugnad. Det var samla ei 30-40 mann frå alle gardar der i kring, og skulde ta jakta på land. Fyrst tok dei ned mastra og so roren. No er jakta di beslaglagd, massnes, var den ein viktigper som sa då dei hadde teke roren. Et det slið dei beslagleggjer farty var det ein som frega, Ja det var det.

Eg hugsar at det var ein mann som vild gå etter mastra som flaut på sjøen, men han var uheldig og datt i sjøen, til stor jubel for alle andre . denne mannen som datt i sjøen var ein viktiggrave som dreiv som agent og ville ikkje gjere noko kroppsarbeid. Når dei gjorde han merksam på at det stod i Bibelen at dei skulde sveitte, so svara han berre at det var berre mens man åt det. Han hadde vore utteken til sanitetsteneste i det militære, og hadde vore i Trondhjem og lært seg fine manerer, og kom att derfrå med ei ftott bukse som folk kalla 28 kr. broka, for han hadde gitt 28 kr for henne sa han. Men den hadde han ikkje på seg når han datt i sjøen. Det gjekk noko seint med å dra jakta opp for sjøra var laus so lunnane seig ned.

Dei hadde eit tjukt hampetog og firskårne blokker og det låg på og drog ei 30-40 mann til dei sleit toget av. Ja dei skulde spleise det att då, eg trur eg ikkje har fått annan lærdom i spleising enn den gongen : ei tåg yver den fyrste og under den andre. Det var mange som meinte at dette måtte gå opp att, men det synter seg at då dei sleit toget av ein gong til so var det ikkje i spleisinga. dei som var

frammøte fekk 3 kavringer og kvar sitt glas øl heimebrygg. Eg høyrde ein diskusjon mellom bestefar og bestemor om dei skulde ha smør på kavrингane. Han tykte ikkje det var nødvendigt, men ho meinte at smør skulde det vere, og det vart det.

Det var ein plassmann under garden. Me pla kalle han Klamren avdi plassen heitte Klamra. Det var ein umåteleg flink og arbeidsglad mann, dugande sjømann, murar og alt mogeleg nann.

Nedst nede på neset på plassen stod Klokkafura. ei stor vid greinrik sure oppvaksen or sjølve fjellet. Klokkafura var eit seglmerke, når jaktene kom siglande forbi Bekken fekk rormannen ordre til å hälde på Klokkafura. Ein dag fann Klamren på å hogge ned denne fura til brenneved. Det var ikkje berre me som budde på garden som tykte dette var uviktig gjort, alle jaktesiglarane sakna fura, og i Eikefjorden budde det ein mann som heitte Einar Austbø, han er endå i live, eg såg nyst i blada at han var 90 år, oh bur no i Fana, han dikta ein song om Klokkeren som han kalla fura.

Siste verset lydde soleis: Men ak den klokker døde

det kan enhver forstå  
i Klamrens ovn den røde  
der måtte han forgå.

Etter den tid fekk eg eit heilt enna syn på Klamren, han vart no ein illgjerningsmann, og når eg drøymde vondt om nætene som smågutar ofte plar gjere so kunde det hende at det var Klamren som dukka opp og kom springande etter meg med alle slag handykle, og vilde ta meg. ei rennelykkje, eit treskojern eller ein sputedregg.

Ja det er vel ikkje mange som veit kva ein sputedregg er for noko, men då eg vaks opp var det eit vanleg reidskap for dei som dreiv sjøen. Det er ein liten dregg, som er etla til å fange spute med. Fisk var òen tid sor no eit framifrå næringsmiddel og dei som budde ved sjøen heldt seg som regel sjølve med fisk. Me hadde kastenot og garn og dorga etter murten om hausten og etter toshen om våren

## VII

Men det meste fiske vart gjort med line. Det kunde hende at dei fekk ei halv tunne med fisk i eit set. Og linene var billig i innkjøp. Men då som no, det var det verste å få tak i agn. Og det var til agn dei brukte sputa, det var godt agn. Eg var med på sputefiske berre ein gong, men huggar det som det var i går. Det var om kvelden, me la oss til på sputemedet, under eit bratt fjell som gjekk looddrett ned i sjøen. Agnet som dei brukte til spytefangst var spikesilə eller brisling som dei batt fast på dreggen. Det var nest fullmåne, og retteleg trolsk var det, fjorden var stavstill. Me låg lenge før det lukkast å få ei spute på dreggen. Eg hadde blitt fortalt at sputene sprøyttet or seg blekk og var budd på at det stod ein foss inn i båten når me tok henne inn, men det hende ikkje. Det er berre i sjøen dei forsvarar seg med å sprute blekk. Eit par av armene ~~settasaug~~ seg fast i ripa, og vart kontant avskorne, og sputa vart liggjande nest urørleg som ei manete i båten.

Nei då var det meir mun i å vere medå dra lina, og då eg vart ei 9 lo år, og hadde øvt meg til å ro, fekk eg vere med og ro når morbror min drog. For forundra eg var då fisken kom flotnende opp langt burte heilt stiv og urørleg med magde utor munnen. Og etter me hadde fått lina inn var det å sjå etter om det flaut fleire fiskar det kunde då hende at det låg eit par fiskar som hadde bite av for synet og ~~flossekapp~~phadde so skote mage og flotna opp. Dei var ikkje vanskeleg å få tak i.

Ja eg har freista å syne Dyk korleis verda tok seg ut for ein gtunge for 70 år sidan